

1985



OSTERØY IDROTTSLAG

SKIPA 1918

Utdrag frå årsmeldinga til skigruppa.

I skigruppa er det no ca 140 medlemar, av dette er det 90 born. 1985 har vore den beste sesongen i skigruppa sin historie. Me har oppnådd sterke resultat i alle klassar der me har løparar. Av dei sterkaste resultatane kan nemnast: KM yngre gutar nr. 2. i stafett, KM junior stafett nr 2, Områdemesterskapet i stafett eldregutar nr 3, Vestlandske skistemna junior stafett nr 3.

Løparane har oppnådd fylgjande resultat i KM: ~~Gjøvikkløpet~~
~~xxx&~~ Johannes Mjelde vart krinsmeister i ~~sama klasse~~ gutar 10 år, Ingvild Mjelde vart nr 3, ^{jenter 11 år} Helge Brandsdal nr 2 i gutar 13 år, han vart også nr 3 i Områdemesterskapet, Johnny Mostrøm vart nr 3 i KM og Vinjat Borge vart nr 2 på 15 km.

Rolf og Arild Skaftun har vunne klassene sine i Gjøvikløpet, Johnny Mostrøm vart nr 32 på Gjøvik og nr 46 i Holmenkollen 23/3-85. Utan at nokon er gløymt, so må Vinjat Borge nemnast spesielt for sine resultat i 1985. I dei første renna hevda han seg heilt i teten på dei fleste renna ~~der~~ ^{på Austlandet} Norgeseliten var med. Han vann fleire renn og vart nr 56 i Holmenkollens 15 km berre slått av 22 nordmenn. Vidare vart han nr 45 i Norgesmeesterskap 15 km. Men det han vert hugsa best for er innsatsen på 5 mila, der han ei stund var oppe og "snusa" på 6 plassen. Han enda til slutt på ein glimrande 14. plass. Det må også nemnast at han legg opp alle treningsprogramma for gutte/junior og seniorløparane vår. Han er også instruktør på alle samlingar som skigruppa har. Oppfølginga av treninga mellom samlingane tar Tor Skaftun seg av på ein utmerket måte.

Skigruppa har avvikla 12 renn, derav 6 lysløperenn med 100 deltakarar. Vidare har me hatt ei treningsamling i Stryn i somar, 2 barmarksamlingar for dei eldste gutane og jun/seniorløparane. Det er også vore ei samling for dei yngste gutane og jentene. I nov~~7~~ desember vert det samlingar på Geilø og Finse.

Dette er i korte trekk det som skjer i øvre del av resultatlista, men like viktige er dei som havnar lengre nede. Dei også fortener stor ros for sin innsats på trening og i konkuransane dei er med på. Det gror godt i skisporten på Osterøy, og me ynskjer alle god vinter med mykje snø og kulde.

Skigruppa